

923130675

JOHANNES BAKKEBØ

Mobilnummer

938 78 533

E-postadresse

johsbakkebo@gmail.com

Kontonummer **** * 15741

Vedtaksdato

15.08.2022

Vedtaket er gjort av

Alver kommune

Søknadsdato

15.03.2022

Vår referanse

2022/2478, Agros 186117

Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – hogst

Samandrag: Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 26 000 kroner i tilskot til JOHANNES BAKKEBØ til hogst. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 01.08.2025.

Alver kommune viser til søknad av 15.03.2022.

Bakgrunn i saka

JOHANNES BAKKEBØ søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 15.03.2022. Du søker om totalt 40 000 kroner i tilskot for tiltak perioden 16.03.2022-01.03.2025. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 80 000 kroner.

Det er søkt om tilskot til rydding av sitkagran langs steingarden i grenselinja mellom GBNR 59/8 og 58/10 på Lygra. Trea gjer skade på steingarden, skyggelegg beitemarka, tek næring frå beita og sprer store mendger med frø rundt på nærliggande areal. Trea er store (mange over ein meter i diameter) og det vil vere arbeidskrevande å få dei fjerna.

Grunngjeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også gis til eigar av landbrukseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbrukseigedom som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskrifta som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbrukseigedom skal tiltaket gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over korleis plantevernmiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Søknaden er vurdert etter prinsippa i naturmangfaldlova §§8-12, jf. §7. Administrasjonen har gjennomgått artskart og naturbase, og etter ei samla vurdering komme fram til at det omsøkte tiltaket ikkje er i strid med prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldlova. Administrasjonen meiner at tiltaket er i tråd med SMIL-ordninga sitt formål jf. Forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket §1. Tiltaket bidrar til å ta vare på jordbruket sitt kulturlandskap og å ivareta biologisk mangfald ved at ein framand og skadeleg art vert fjerna. Rydding langs steingardar og tiltak hos nye bønder er prioritert etter gjeldande SMIL-strategi for Alver kommune.

Garden ligg i eit særskilt verdifullt kulturlandskap på Lygra. Området er har stor regional verdi og er utlagt med tre ulike omsynssoner i kommunedelplan:

- Omsynssone landbruk, H_510-0L1: *Sona omfattar samanhengande jordbruksområde med stor produksjons- og/eller kulturlandskapsverdi, og som er avsett til kjerneområde jordbruk. Det skal takast særlege omsyn til jordbruksdrift og kulturlandskap ved planlegging, handsaming av søknader og gjennomføring av tiltak innafor områda. Område med natur- og kulturverdier som vert vurdert som verdifulle kulturlandskap, skal ivaretakast og forvaltast slik at kvalitetane i landskapet vert styrka.*
- Omsynssone landskap, H_550_LS/K: *Sona omfattar område med landskap som skal beskyttast.*
- Omsynssone bevaring av kulturmiljø, H_570_LS/K: *Sona omfattar nyare tids kulturminne og kulturmiljø som ikkje er automatisk freda, men som har stor lokal eller regional verdi. Det skal takast særlege omsyn til kulturmiljøet ved planlegging, handsaming av søknader og gjennomføring av tiltak innafor sona.*

Sitkagran er beskrive som ein framand art med sær høgt risiko. Etter at sitkagran vart nytta i skogreisinga langs kysten fra 1950 til 1980 har denne grana spredt seg i kystområda og utgjør i vårt område ein alvorleg trussel for naturtypar som kystlynghei og beitemark. Sitkagrana sprer seg med små, lette frø tilpassa vindspreiing, har større og hyppigare frøproduksjon enn vanleg gran og er observert spredt over relativt lange avstander. På Lygra har sitkagran mellom anna vore nytta til leplantingar, noko som gjev stor risiko for frøspreiing. Spreiing av sitkagran i beitemark er ein trussel for kulturlandskapet i området. Trea som det er søkt om tilskot til å fjerne er store frøtre som truleg har stor effekt på spreiding av frø til området rundt.

Kommunen meiner at det på bakgrunn av dei særskilte kulturlandskapsverdiane er grunnlag for å prioritere denne saka for SMIL-tilskot. Det er positivt at ein vil fjerna sitkagran som gjer skade på kulturlandskapet. Søkar er ny bonde som har starta opp aktiv drift med sau. Fjerning av sitkagrana vil og vere positivt for å få opp produktiviteten på areala og vil såleis vere viktig for drifta på garden.

Grunna begrensa midlar kan det ikkje gjevast full kostnadsdekning. Arbeidstid utgjør største delen av kostnaden i denne saka. Søkar oppgjev at målet er å fjerne 10 tre i dette prosjektet og anslår ei arbeidstid på 14 timar per tre. Administrasjonen meiner at standard timesats for eige arbeid på 350 kr/ time er høveleg for dette prosjektet. Andre kostnader som er aktuelt å gje tilskot til er i hovudsak kostnad til bensin og sagkjedeolje. Administrasjonen godkjenner ein kostnad på inntil 3000 kr til bensin, sagkjedeolje og anna forbruksmateriell.

Vedtak

Alver kommune har vedtatt å løyve inntil kr 26 000 til fjerning av sitkagran i grenselinja mellom GBNR 59/8 og 58/10 som vist i kart som ligg ved søknad.

Godkjent kostnadsoverslag:

Tiltak	Kostnad
Rydding av sitkagran, 140 timar * 350 kr/ time	49 000 kr
Bensin, sagkjedeolje, anna forbruksmateriell	3 000 kr
SUM Kostnad	52 000

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 26 000 kroner i tilskot.

Vilkår for tilskotet

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 01.08.2025. Dersom du ikkje overheld fristen, fell tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slikt løyve dersom det trengs, og dette må du gjere før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

- Det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfrist i inntil to år ut frå skriftleg grunngeving, seinast ein månad før oppsett frist går ut.
- Området skal nyttast til beite i minimum 10 år frå løyving.
- Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Rapportering og utbetaling

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

Sluttrapport skal innehalda:

- Utfylt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak, inkludert rekneskap.
- Timeliste som dokumenterer eige arbeid
- Bilag på innkjøpt materiell
- Foto av utført tiltak

Alver kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du skriftleg har bedt om det, og når vi har godkjent rapport og sluttrekneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan be om utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar undervegs i prosjektperioden. Delar av tilskotet kan utbetalast etter kvart som du godtgjer framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskotet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak skal fyllast ut og leggst ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 52 000 kroner. Utbetalt tilskot kan ikkje overstige 50 % av godkjende kostnader for å utføre tiltaket. Dersom kostnaden for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

Kontroll

Kommunen, statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kan gjere kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

Omgjering, tilbakebetaling og motrekning

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetalt tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresett ved innvilging av tilskotet.

Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klaga til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

Meir informasjon

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing
for Alver kommune

Saksbehandla av: Marie Victoria Rekdal Skogrand

Godkjend av: Laila Bjørge